



Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Rogaland

[fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

24. april 2015

## **KLAGE – LØYVE TIL Å PLANTE SITKAGRAN/HYBRIDLERK/ JAPANLERK – PRESTVAD - GRØVLE I EIGERSUND**

Vi viser til vedtak gjort av Fylkesmannen i Rogaland 25.03.2015, sak 2015/1467. Vi ønsker med dette å klage på fylkesmannens vedtak, og ber om at søknaden blir avslått på grunn av negative konsekvenser for truga natur.

16. april varslet vi om at det har vore følgende avvik med omsyn til når vi kunne gjere oss kjent med vedtaket: Ordninga med e-postmelding om vedtak utlagd på Miljøvedtaksregisteret har vore ute av drift nokre dagar, og dette blei meldt frå Miljøvedtaksregisteret fredag 10. april kl. 13.44, noko vi ikkje kunne følgje opp før måndag 13. april, då vi fekk kjennskap til vedtaket som er gjort. At det ikkje kom meldingar var ikkje spesielt før kring den 10. som følgje av at det er heilt normalt at det er stille i det som for mange er påskeferie. Saka kom elles som melding frå Miljøvedtaksregisteret 14.4.2015.

Det har såleis vore ei epostveksling om at klage kjem til 24.4.2015, og at søkjar er orientert om dette.

### **Opplysningar i søknaden**

Søkjar opplyser om arealet at det er tidlegare utmark/utmarksbeite. Søkjar opplyser at han ikkje har dyr lenger, men ønsker å legge om til skogproduksjon.

Søkjar har ført på opplysning om at dette er å rekne som klimaskog. Fylkesmannen avviser dette sidan det ikkje er godtatt å nytte utanlandske treslag til slike prosjekt. Det bør avvisast også av andre grunnar. Naturbeitemark og utmarksbeite binder også karbon, og det er ein klar forskjell i albedoeffekt mellom plantasjeskog og beitemark. Vidare er det eit spørsmål om kva som skjer med skogsvirket når skogen blir hogd. Det må difor reknast som ein udokumentert påstand når det gjeld klimaeffekt, som ein må sjå bort frå.

Naturvernforbundet  
Mariboegs gt 8,  
0183 Oslo

[naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)

SABIMA  
Pb. 6784 St. Olavs plass,  
0130 Oslo

[sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)

WWF-Norge,  
Postboks 6784 St. Olavs Plass,  
0130 Oslo

[wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

20. Vurder hvilke følger utsettingen, av omsøkt treslag, kan medføre for det biologiske mangfoldet i og rundt utsettingsområdet. Vurderingen bør inneholde en beskrivelse av hvilke arter og økosystem som blir berørt av aktiviteten. Vurder videre hvilken innvirkning utsettingen kan regnes å ha på disse\*:

Intensivt beitebruk av arealene sør og øst for feltet. Litt gran+kontorta i sør, men denne skal høyes.  
Vest for feltet er det stor planteskog med lerk og Norsk gran  
Nord blir det plantefelt med lerk.  
Området har en god hjortestamme og den nystaberte skogen vil kunne bli et yndet dagleie!  
Etabling av sitka utenfor plantearealene vil mest sannsynlig ikke bli problematisk, da beite dyra vil holde småplanter i sjake.

Vi oppsummerer fra dette punktet at det i dette området finst framande treslag som skal hoggast. Det tyder at frøspreiingspresset fra slike artar kan reduserast i nær framtid.

Det ser ut til at grunneigaren som sjølv har slutta med beitedyr baserar sitt framtidige skogbruksprosjekt på at naboane framleis vil ha beitedyr som kan halde unna frøspreiing. Slikt kan ein håpe på, men Fylkesmannen kan ikkje legge ein slik strategi til grunn for oppfølging av slike plantefelt. Elles kan ein ikkje lite på at småplanter av sitkagran blir beita av beitedyr. Sitkagran er ikkje førsteval i noko fall. For lite beitepress, eller at det ikkje blir beita eit år kan vere nok til at det går gale. I Trøndelag har vi t.d. funne frøspreiing ein km frå morfelt, og mykje spreing fleire hundre meter unna, der småplantene blir ståande i fred for sauene som beiter.

Opplysninga om at det er hjort i området er interessant. I Artsdatabanken si risikovurdering av hybridlerk/japanlerk<sup>1</sup> blir det vist til at frøspreiing frå desse artane ikkje er eit problem, sidan slike tre blir halde nede av hjortedyr. Det er ikkje sikkert at det som er nemnt om dette blir ståande. Det same er hevda også om europalerk. Eigne observasjonar frå Tingvoll når det gjeld europalerk tilseier at europalerk overlever i stor grad hjortebeite, men at stammen blir deformert. Dvs. at ein ikkje får brukande virke, men at ein likevel får full frøspreiing. Det er ingen grunn til ikkje å tru at hjortedyr sin verknad på hybridlerk og japanlerk vil likne mykje på det som er nemnt om europalerk.

<sup>1</sup> <http://databank.artsdatabanken.no/FremmedArt2012/N63763>  
<http://databank.artsdatabanken.no/FremmedArt2012/N63764>

21. Beskriv planlagte tiltak for å hindre spredning av det gitte treslaget fra utsettingsområdet (inklusive internkontroll, dersom det er relevant for søknaden)\*:

Så lenge beitedyrn beiter på de 2 sidene som en kan forventet spredning vil det ikke være fare for spredning i fremtiden. Sør for plantefeltet ved Glopstadkrossen er det planteskog av sitka. Ved Hedkevatnet er det også store området med sitkaplantinger og bergfuru.

Søkjar seier litt om spreing av lerk frå eksisterande 50 år gammalt plantefelt:

20. Vurder hvilke følger utsettingen, av omsøkt treslag, kan medføre for det biologiske mangfoldet i og rundt utsettingsområdet. Vurderingen bør inneholde en beskrivelse av hvilke arter og økosystem som blir berørt av aktiviteten. Vurder videre hvilken innvirkning utsettingen kan regnes å ha på disse\*:

Lerkefettet grenser inntil et 50 år gammelt lerkefett, og jeg har ikke sett noen planter som har spredd seg fra dette gamle og inn på 72/3, selv om det ikke har vært beitedyr på flere år.

21. Beskriv planlagte tiltak for å hindre spredning av det gitte treslaget fra utsettingsområdet (inklusive internkontroll, dersom det er relevant for søknaden)\*:

Som nevnt har den eldre lerkeskogen ikke hatt noe særlig spredning, og en tror ikke det blir noe problem jamfør Ugrunningen vedvørende sitka.

Vi merker oss «og jeg har ikke sett noen planter som har spredd seg fra dette gamle og inn på 72/3,» I neste punkt: «Som nevnt har den eldre lerkeskogen ikke hatt noe særlig spredning,»

Det kan virke som at søkjar er noko uklar på kva den faktiske tilstanden når det gjeld spreing frå eksisterande bestand er. Det er dessutan vanskeleg å vite om «ikke hatt noe særlig spredning» tyder at det er vanskeleg å finne småplanter, eller om det ikkje er meir enn at det er nødvendig å plante for å få til ein skog av det. Kva søkjar vil gjere med spreing meir enn eit par hundre meter unna blir det ikkje sagt noko om, og heller ikkje viss beitinga slår feil.

### Hybridlerk/japanlerk

For europalerk har ein god kunnskap om korleis arten spreiar seg, og konklusjonen er klart at arten tar overhand. For hybridlerk og japanlerk er kunnskapen i Noreg svært avgrensa, sidan artane er brukt i kort tid og lite omfang. Dokumentasjonen frå Artsdatabanken bygger på få observasjonar av spreing frå desse artane. I DN-utredning 8/2012<sup>2</sup> står dette: «Antall forvilla forekomster er i disse kildene hovedsakelig basert på herbariebelegg ved norske museer.» På Artsdatabanken sine faktaark står dette: «Forvillate bartrær er sterkt underrepresentert i de botaniske innsamlingene, og

<sup>2</sup> H. Sandvik 2012. Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold. DN-utredning 8-2012

*funnfrekvensene gir knapt noe realistisk bilde av hvor mye vi har av dem. For hybridlerk finnes ikke ett eneste pålitelig belegg.»*

Sidan faktaarka blei utarbeidd er det kome til ny kunnskap om både artane. Ein kan få mistanke om at hybridlerk og japanlerk vil oppføre seg omtrent som europalerk når det har gått nokre fleire år sidan plantinga.

Vi har sett nærare på eit område på Smøla der det blei planta hybridlerk for ein del år tilbake. Så snart trea er store nok, får dei konglar, og frøspreiinga er alt i gang. Vi har sett det same i Rauma kommune, der det også er tale om spreiging i alle fall over 450 meter.



**Figur 1. Frå Artskart. førekomst av hybridlerk, Rauma. Mortre er i området med fleire punkt samla. Funna er gjort tilfeldig, observert frå tur langs ein sti, så ein må rekne med mørketal.**



**Figur 2. Hybridlerk spreidd frå plantefelt på Smøla. Foto 05.09.2014 Øystein Folden.**



**Figur 3. Frå Gyl i Tingvoll 10.2.2015. Europalerka på biletet har som opphav ei planta trerekke langs enga i framkant på biletet kring 1780. På eit tidspunkt var det ikkje noko særleg spreing til områda rundt, og etter kvart går dette over til å bli tilstrekkeleg spreing til at neste gong ein hogger eit bestand så kjem det omtrent berre europalerk opp igjen.**

### Sitkagran

Vi viser til at sitkagran og andre treslag med svært høg risiko berre under særskilde omstende kan godkjennast. Vi ser verken grunner eller vurderingar knytt til dette i denne saka.

### Kunnskapsgrunnlaget

Artskart er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget i Fylkesmannen sitt vedtak.



**Figur 4. Artskart. Raud kross markerar omsøkte plantefelt.**


Viss ein ser litt nærare på dette:



Figur 5. Artskart

Artskart er ei kjelde som må tolkast ved bruk. Som ein kan sjå på figur 5 så finnst det ikkje nokon registreringar direkte rundt omsøkte område. Spørsmålet er då om det ikkje finst artar i området, eller at det finst artar i området, men ein biolog har ikkje funne det verdt å registrere, eventuelt at det aldri er kartlagd. Så lenge ein ikkje veit noko om årsaka, har ein heilt klart vesentlege manglar i kunnskapsgrunnlaget. Vi vil t.d. ikkje heilt utelukke at det kan vere klokkesøte i området på figur 5. Kunnskapsgrunnlaget om artane er godt nok til å kunne avslå ein søknad, men ikkje godt nok til å gi løyve. For å kunne gi løyve til planting av sitkagran, er det dessutan krav om særleg nøye vurdering, og det gir ikkje kunnskapen frå Artskart grunnlag for i denne saka.

Når vi ser ortofotokartet som følgde løyvet kan vi få eit inntrykk av område som er ganske opne og område som er meir prega av planteskog.




Figur 6. Kart som følgde løyvet. Kvite markeringar er gjort av klagar og viser område som kan sjå ut som planteskog. Store delar av området som ikkje er innringa med kvitt er langt på veg opne og har eit anna preg.

Sidan kunnskapsgrunnlaget er så mangelfullt som det er, så meiner vi at minimum områda utanom felt ramma inn med kvitt på figur 6 må vurderast av biolog før ein kan konkludere med at det kan plantast til med skog.

## Vindspreiing

Når det gjeld vurderingar kring naturtypelokalitetane i området, så bruker ikkje Fylkesmannen den kunnskapen som er mest nærliggande i denne typen saker.



Figur 7. Kart frå Gislink, med skraveringar av naturtyper. Omsøkte område markert med gult.

I DN-utredning 8-12<sup>3</sup> står det i tilrådingane pkt. 4:

«Minsteavstanden til sårbare områder må ta utgangspunkt i langdistansespredning, ikke i kortdistansespredning. Basert på estimatene i tabell 8 og erfaringene fra andre land (spesielt New Zealand) bør minsteavstanden ligge rundt 5 km i hovedvindretninga og rundt 2 km i andre retninger. Noe avhengig av treslaget det er snakk om, bør sårbare områder omfatte (men ikke nødvendigvis være begrensa til):

- åpne landskap (boreal hei, kystlynghei, fjellhei m.m.) i den grad de har kulturhistorisk eller økologisk verdi (f.eks. sårbare eller trua naturtyper);
- verneområder;

<sup>3</sup> H. Sandvik 2012. Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold. DN-utredning 8-2012

- soner som er vedtatt å være fri for fremmede treslag.»

Fylkesmannen seier dette: *«Kystlynghei er en naturtype som er utsatt for at sitkagrana skal etablere seg, men våre observasjoner fra disse områdene er at spirene fra sitkagran her sjelden slår seg opp mer enn et par hundre meter fra frøkilden, og de aller fleste slår seg opp nærmere enn 50-100 meter fra eksisterende plantefelt. De omsøkte plantefelta er omgitt av planteskog på de fleste kanter. Denne omkringliggende skogen vil kunne fange opp frø og fungere som buffer for videre spredning, samt utøver større fare for spredning enn nye felta.»*

At det meste av frøspreiinga skjer ganske nær morfeltet er ikkje omstridt. Det sentrale spørsmålet her er kva spreining ein får på lengre avstandar. Då er det ikkje nødvendigvis noko stort tal spreiningstilfelle som gjeld, men at det skjer spreining, og at spreininga får konsekvensar viss ein ikkje vil eller kan gjere noko med det i tide. Sandvik (2012) dokumenterer at ein må rekne med at det kan vere ein påverknad av frøspreiing på minimum 2 km frå utplantingsfeltet. Når sirkelen har ein radius på 2 km, så er det aktuelle arealet meir enn 12 km<sup>2</sup> stort. Søkjar meiner at beitedyr som andre enn han sjølv eig vil gjere jobben. Fylkesmannen har bestemt at slik rømlingkontroll ikkje skal setjast i verk før om ein del år (heilt uvisst kor lenge). Dette er eit område som truleg nærmar seg å vere ute av kontroll med omsyn til rømlingar i dag, og det vil ikkje bli betre.

### **Manglande vurdering av samla verknad på det biologiske mangfaldet**

Det kjem fram i saka at det er naturtypelokalitetar både av den sterkt truga naturtypen kystlynghei og av myr som ein kan vente kan bli negativt påverka av tiltaket som er søkt om. Det finns ingen opplysningar om vindretning i området, og sidan kystlyngheia ligg såpass nære det omsøkte feltet, er det uklart kvifor fylkesmannen meiner det framleis vil ha låg påverknad å plante inn eit framandt treslag med såpass stor spreiningsevne. I tillegg må ein ta høgde for at det kan vere artar i området som ein ikkje har kartlagd.

Fylkesmannen har ikkje gjort vurderingar når det gjeld påverknaden av truga artar og naturtypar, jf. nml § 10. *«En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.»*

Ein veit såleis lite om det er faktorar som påverkar desse no, og det blir ikkje sagt særleg mykje om korleis dette vil utvikle seg dei neste åra. Utplanting som omsøkt vil så kome i tillegg til dette. Det er ikkje gjort noka vurdering av samla verknad på økosystemet etter naturmangfaldlova § 10 når det gjeld t.d. truga naturtypar og truga artar i området. Viss nokon av dei er i tilbakegang, som dei normalt er når dei er ført opp på raudlista, så vil sjølv mindre endringar i positiv lei vere ein fordel, og sjølv mindre negative endringar kan vere avgjerande for at verdiar blir borte. Den summariske vurderinga som er gjort i saka er ikkje tilfredsstillande.

### **Vilkåret om fjerning av rømlingar i framtida**

Fylkesmannen bruker si standardformulering om at plikta til å rydde rømlingar først skal praktiserast når skog planta før 2012 er hogd. Om sitkagran i området frå før seier Fylkesmannen: *«I dette tilfelle er det en del eksisterende planteskog og sitkagran i området, og Fylkesmannen i Rogaland vurderer derfor de omsøkte områdene til å ikke påvirke økosystemet i nevneverdig grad.»* Det er vidare ikkje sagt noko om andre bestand av sitkagran i området kvar dei er eller når det gjeld alder. Plikta til å fjerne rømlingar er dermed utsett på ubestemt tid. Då har Fylkesmannen mellom anna oversett at det har vore plikt til å fjerne rømlingar i alle fall sidan ein gong på 1990-talet. Dessutan let Fylkesmannen aktivt vere å bruke eit avbøtande tiltak som fjerning av rømlingar kan vere. Dette er forhold som vi og har påpeika i tidlegare klager, som t.d. klage av 4. mars i år på løyve til utplanting i Eigersund kommune.



## **Konklusjon**

Dekningsgraden for naturtypekartlegginga i området kan ha manglar. Kunnskapen om artsmangfaldet ser ut til å vere liten. Det manglar vesentlege vurderingar etter naturmangfaldlova. Det er ikkje heimel for bruk av sitkagran i dette området. Det kjem til ny kunnskap om japanlerk/hybridlerk som gjer bruk av desse artane vanskelegare. Søkjar har ikkje eit tilfredsstillande opplegg for rømlingkontroll. Prinsippa for når rømlingkontroll skal starte er uakseptable. Vedtaket må omgjerast slik at søknaden blir avslått.

## **Oppsetjande verknad**

Sidan det er vesentlege manglar kring heimelen for vedtak og vurderingar etter naturmangfaldlova, ber vi om at klaga får oppsetjande verknad.

Med venleg helsing

Honorata Kaja Gajda  
rådgjevar i naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel  
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen  
teamleder, WWF-Norge